

Ledig kapasitet ved smertepol i Florø.

Etter ein god oppstart ultimo mai har det på ettersommaren vore ein nedgang i antal tilvisingar og vi har følgjeleg noko ledig kapasitet. Smertepol. har tilført Helse Førde og innbyggjarane i fylke eit godt behandlingstilbod for ei pasientgruppe som kan vere vanskeleg å hjelpe. Etter motteke tilvising ringer vi pasientane for planlegging av ei kompakt tverrfagleg utgreiing. Over to påfølgjande dagar treff dei samla og individuelt overlege, psykolog, sosionom/familieterapeut/likeperson, fysioterapeut og sjukepleiar. Etter samla tverrfagleg vurdering gjer ein saman med pasienten prioriteringar for behandling og tiltak. Tilvisar og fastlege mottek skriftleg orientering.

Så langt har smertepol følgd dei fleste pas. over tid. Dette for å kunne vurdere effekt av, og justere, tiltak basert på oppfølging og endring. Tilnærminga omhandlar ei breidde av vurderingar og tiltak knytt til mestringsstrategiar, smerte / sjukdomsforsåing, funksjonsauke, medikamentbruk, behandling av emosjonelle vanskar, familieterapeutiske tiltak, økonomisk og trygderettsleg rettleiing, trening, aktiv og passiv behandling av muskelpenningar, og tilvising til tredjelinje / andre spesialistar. Andre instansar og spesialistar samt smerteklinikken ved HUS Bergen vert konsultert og bidrar i drøftingar og rettleiing.

For pasientane ser ein at utgreiing og oppfølging ved smertepoliklinikken utgjer ein positiv forskjell. Både med omsyn til det at pasientane aktivt deltek i ei samla og heilskapleg vurdering som ligg til grunn for prioriterte og vekta tiltak knytt til pasienten sine ressursar, ynskje, motivasjon, praktisk og psykososial støtte, buforhold, familiær situasjon, m.m. Og også med omsyn til at dei vert følgd over tid. For fastlegane og øvrig helsepersonell håpar vi å kunne vere til hjelp med omsyn til å på kort tid få gjennomført ein grundig gjennomgang av pas. problematikk i full breidde, og ikkje minst ved at vi føl pasientane eit stykke på veg for å vurdere tiltaka og effekten av desse.

Frå meido august er smertepol. også registrert på Helfo si liste over smerteklinikkar som kan søke stønad for refusjon for pasientar med forbruk mellom 100 og 300 morfinekvivalentar (§ 3a refusjonskode -71). Stort forbruk, rask auke, og eller manglande effekt av smertestillande vil i seg sjølv ofte vere ein sterk indikasjon for tilvising til smertepol. eller smerteklinikk ved universitetssjukehus. For utfyllande informasjon og lenker til forskrifter og lovverk viser vi til <https://helfo.no/helsektor/lege/regelverk-for-lege/individuell-stonad-til-opioider-ved-langvarige-ikke-kreftrelaterte-smerter> og <https://helsedirektoratet.no/Retningslinjer/Opioider.pdf>

Elektronisk tilvising til: **Fysikalsk medisin og rehabilitering (Førde sentralsjukehus, Førde).**

Vennleg helsing

Are Mikael Lillebø
Seksjonsleiar

578 39873 / [+4798852113](tel:+4798852113)
NHN kortnr: 801791

meet.are.mikael.lillebo@video.nhn.no